Vedlegg Q4

# Beitingsvegen - felles kloakkledning

Tinglyst - "Bestemmelse om vedlikehold av kloakkledning med flere bestemmelser "

Følgende eiendommer har tinglyst denne bestemmelsen :

| Bnr/Gnr | Navn | Adresse | Tinglyst | Kommentar : |
|---|---|---|---|---|
| 342/99 | Yngve Dale | Beitingsvegen 248 | 21.12.2000 | |
| 342/136 | Yngve Dale | Beitingsvegen | 04.07.2005 | |
| 342/90 | Hilde og Jan-Petter Løland | Beitingsvegen 250 | 21.12.2000 | |
| 342/64 | Tove Lisæth | Beitingsvegen 257 | 21.12.2000 | |
| 342/69 | Mahesparan Rupavathana | Beitingsvegen 259 | 21.12.2000 | |
| 342/73 | Kari Målfrid Monsen | Beitingsvegen 263 | 21.12.2000 | Tidl. eier Møen |

Arne Eikeland har en signert erklæring som gir rett til påkobling av kloakkledningen. Denne retten er pt ikke benyttet.
En forutsetning for å være tilkoblet ledningen er at retten skal tinglyses så hvis det er andre som er påkoblet uten at det er tinglyst så er det ukjent.

Vedlegg 05

# MELAND KOMMUNE
## SAKSPAPIR

| Styre, komite, utval | Møtedato | Sbh. | Saknr |
|---|---|---|---|
| Delegasjonsvedtak kommunalteknikk | 04.01.01 | JHB | 010/01 |

| | Ansv. | Arkiv: | Arkivsaknr |
|---|---|---|---|
| **Avgjerd av:** Fagsjef for kommunalteknikk<br>**Saksbeh.:** Jens H. Bjordal | JHB | 547.1/546.5<br>**Objekt:** | 2001000016 |

**UTSLEPP TIL SJØ FRÅ 1 BUSTAD OG 5 HYTTER, SAMT TILKNYTNING TIL OFF. VASSVERK FOR 1 BUSTAD OG 15 HYTTER PÅ SØRE EIKELAND**

**Dokumentliste:**

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 18.12.00 | Beitingen Hytteeierlag v/ Erling Alvern | SØKNAD OM UTSLEPP TIL SJØ FOR 1 BUSTAD OG 5 HYTTER, SAMT TILKNYTNING TIL OFF. VASSVERK FOR 1 BUSTAD OG 15 HYTTER. |
| 3 | I | 29.12.00 | Beitingen Hytteeigarlag v/ Erling Alvern | LISTE OVER HYTTEIGARANE SOM ER PÅMELDT KOMMUNALT VATN TIL HYTTE |

**Saksutgreiing:**

Beitingen hytteeigarlag har planlagd felles vass- og avlaupsanlegg for deler av hytteområdet i Beitingen.
Det vert no søkt om utsleppsløyve for 1 bustad med innlagd vatn og 5 hytter med innlagd vatn.
I tillegg vert det søkt om tilknytningsløyve til det kommunale vassverket for 14 hytter med sumarleidning, dvs. ikkje isolert vassleidning.1 heilårsbustad og 1 hytte med vanleg tilknytning.

**Vurdering:**

Utsleppet er eit privat fellesanlegg som eigarane sjølv skal vedlikehalde og drive. Alle som vert tilknytt skal ha seperat slamavskiljar av godkjend type og storleik. Alle desse skal tømmast i samsvar med gjeldande regelverk. Utsleppet vert ført ut i sjøen på omlag 15m djupne. Det er her gode resipienttilhøve. Alle hytter/hus som legg vatn inn i huset må knyte seg til denne fellesleidningen.

Vedlegg Q 6

MELAND KOMMUNE
Kommunalavdeling for tekniske tenester

Beitingen Hytteeierlag v/ Erling Alværn
Myrdalskogen 383

5117 ULSET

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Dykkar ref. | | L.nr. | 2001000276 | Dato | 08.01.01 |
| Vår ref. | RIL | Ark.saknr. | 2001000016 | | |
| | | Arkiv nr. | 547.1/546.5 | | |

# MELDING OM VEDTAK

## UTSLEPP TIL SJØ FRÅ 1 BUSTAD OG 5 HYTTER, SAMT TILKNYTNING TIL OFF. VASSVERK FOR 1 BUSTAD OG 15 HYTTER PÅ SØRE EIKELAND

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

KOMMUNALAVDELING FOR TEKNISKE TENESTER

Reidun Iden Lædre
Reidun Iden Lædre

Vedlegg

Vedlegg G7

...nytning til det kommunale vassverket skjer på dei prinsipp for tilknytning som gjeld på ...nadsdatoen. Hytter med sumarleidning skal avstengjast i tida 1. november til 1.april. Dei vert krevd for redusert tilknytningsgebyr, dvs. ¼ i høve til normalgebyret for bustader. Heilårsbustader og hytter med vanleg tilknytning skal ha full tilknytningsgebyr Hytter som no vert godkjend med sumarleidning, må betale tilleggsgebyr for tilknytning dersom dei seinare får vanleg heilårsvassforsyning.

**VEDTAK:**

Fagsjef for kommunalteknikk gir utsleppsløyve for felles privat avlaupsanlegg for Beitingen hytteeigarlag på følgjande vilkår:

1. Alle hytter/hus som får innlagd vatn er pliktig å knyte seg til avlaupsanlegget dersom det er praktisk og teknisk mogeleg.
2. Alle som vert tilknytt skal ha seperat slamavskiljar av godkjend type. Storleiken skal vera 4 m³ med 3 rom for heilårsbustader og 2 m³ med 2 rom for hytter.
3. Slamavskiljarane skal tømmast 2. kvart år for heilårsbustader og 4. kvart år for hytter. Tømminga vert gjort av kommunal renovasjonsordning og det vert kravd årleg gebyr.
4. Anlegget er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og skal såleis godkjennast på vanleg måte.

Vedtaket er gjort med heimel i Føresegener til forureingslova av 12.04.2000, § 4, og etter delegert fullmakt frå rådmann.

---

Det vert gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vassanlegg på følgjande vilkår:

1. Alle hytter som har sumarleidning skal avstengjast i tida 01.11 til 01.04. Ansvarleg for anlegget Erling Alværn skal gjere dette og melde frå til kommunen når det er gjort.
2. Dei eigedomar som har vanleg tilknytning utfører denne på dei vanlege kommunale vilkår.
3. Det skal betalast gebyr for tilknytning, samt årsgebyr. Tilknytningsgebyret vart på dei vilkår som gjeld for søknadsdatoen. Hytter med sumarleidning skal såleis betale 1/4 del av normalgebyr. Alle andre skal betale fullt vanleg gebyr.

Årsgebyret vert i samsvar med det til einkvar tid gjeldande regelverk og gebyrstorleik. På grunn av endra lovverk vert årsgebyra nå endra både i oppbygging og storleik. Dette vil bli orientert nærare om så snart Kommunestyret har vedteke nye gebyrsatsar. Dette skjer i februar 2001.

**Rett utskrift**

**Dato:05.01.2001**

Fagsjef for kommunalteknikk

**Kopi til:**

Arbeidsformann Egil Gripsgard
Beitingen hytteeigarlag v/Erling Alværn
Drifts- og vedlikehaldsleiar